

Formannskapet stilte seg bak historisk NTP-uttale: – Det er ein liten draum



Videomøte: Ordførar Roald Aga Haug (Ap) las i formannskapet opp uttalen frå kommunane Bjørnafjorden, Samnanger, Kvam, Ullensvang og Kvinnherad - som mellom anna ønsker utgreiing av ferjefri E39 med indre trasé. Dei fem kommunane har til saman 60.000 innbyggjarar. – Ein slik felles uttale vil ha betydeleg påverkinskraft, seier Aga Haug. Skjermdump

Av [Ernst Olsen](#)

Publisert: 17. april 2020, kl. 17:00

Ordførar Roald Aga Haug (Ap) kunne torsdag leggja fram ein historisk høyringsuttale til ny Nasjonal Transportplan (NTP), signert av ordførarar frå fem kommunar.

Kommunane Bjørnafjorden, Samnanger, Kvam, Ullensvang og Kvinnherad tar i uttalen til orde for at rassikring, god vegstandard og trafikksikring må ha første prioritet. Dei viser til at Vestland er eitt av dei fylka som har størst behov for opprusting og vedlikehald av vegane.

«Samarbeidskommunane vil at ein skal prioritere investeringar som sikrar gul stripe på strekningar som har smal vegbane. Samt utbetring av strekningar som har låg standard, samt høg risiko for ras og ulykker», står det i uttalen.

Dei fem kommunane ønsker også større fokus på E134, og ber om at KVV for arm til Bergen må utgreiast, samt viser til at tunnelane på strekninga Seljestad- Ljamyrane-Vågsli er ferdigregulert, og må startast opp tidleg i komande NTP.

Indre trasé

E39 er ei anna viktig prioritering for samarbeidskommunane, då dei vil ha stort utbytte av nærleik til denne.

«Kommunane ønskjer ikkje bru over Bjørnafjorden (Hordfast), men ei utgreiing av ferjefri E39 med indre trase kor ein sikrar gode koplingar til store område i fylket, slår dei fast.

Aga Haug viste til at dei fem kommunane har til saman 60.000 innbyggjarar, fleire enn Sunnhordland.

– Eg er glad for at vi har fått dette til, det er ein lite draum. Ein slik felles uttale vil ha betydeleg påverkinskraft, sa ordføraren i Ullensvang.

Trygve Bolstad (Ap) sa fellesuttalen var uventa, men veldig bra. Han nytta høve til å skryta av ordføraren og jobben som er gjort.

Terje Kollbotn (Raudt) sa han likte godt punktet om nei til bru over Bjørnefjorden, og støtta til indre trasé.

– Vi må ha høg prioritet på dette dersom vi skal få realisert andre prosjekt, uttala han.

– Ein flott uttale, og eit veldig bra samarbeid med dei andre kommunane, kommenterte Lajla-Margrethe Lindskog-Lund (Sp).

Erlend Nævdal Bolstad (H) stilte seg og i gratulasjonskøen, men la til at Høgre ønska større fokus på riksveg 13, men var glad for at deler av dette var varetatt då ein i uttalen snakkar opp rassikring.

– Vegvesenet sine prioriteringar er skremmande lesing. Dei har ikkje funne plass til nokre prosjekt i vårt distrikt med unntak av Byrkjeneset. Alt går til Hordfast i vår del av Noreg, minna ordføraren om.

Norgesmeister i ras

Formannskapet skulle òg ta stilling til Ullensvang kommune sin uttale til ny NTP. Kommunen føreset at vedtekne planar i NTP for E134 Røldal-Seljestad vert vidareført. Eit anna viktig punkt er nasjonal satsing på rassikring. Nasjonal rassikringsgruppe har konkludert med å tilrå rassikringsprosjekt løyst i komande NTP – 2022- 2033 med 71 mrd. kroner nasjonalt.

«Som Norgesmeister i ras krev vi no at raskommunane sine rettferdige krav om rassikre vegar vert sikra gjennom ei nasjonal målsetting i komande NTP», står det i uttalen frå Ullensvang kommune.

I dei fem siste punkta trekk ein fram utbetring av parsellen Odda - Tyssedal i tråd med gjeldande reguleringsplan, riksveg 13 i Oddadalen, utbetring av riksveg 13 frå Bratlandsdalen til Hardangerbrua, KVV arm til Bergen, Fv. 550 frå Odda til Utne, samt strekninga frå Folgefonntunnelen til Jondal.

– Fortvilande dårleg

Ingvild Hauso (Sp) etterlyste eit eige punkt om strekninga Kinsarvik - Kyrkjeneset, som er ferdig regulert Aga Haug sa han skulle følge dette opp, og sjekke om det lét seg gjera.

– Då eg skrev denne uttalen gjekk det opp for meg at vi har ein fortvilande dårleg vegstandard i Ullensvang kommune, sa Aga Haug.

Lindskog-Lund (Sp) fortalde at Senterpartiet var einig i denne uttalen òg.

– Du har gjort ein god jobb, sa ho til ordføraren.

– Vi får kalla den for Reinsnos-uttalen, eg skreiv den på hytta i påskeveka, opplyste Aga Haug. Innstillinga, med begge uttalane som vedlegg, vart samrøystes vedteke. Kommunestyret skal handsama NTP-uttalane 29. april, fylkestinget i Vestland skal vedta sin uttale neste månad.

– Her skal vi «pushe» på i våre ulike partikanalar, avslutta ordføraren.